



## SKULESKYSS

### **Fylkeskommunen har ansvaret for å sørge for skyss for:**

- *Elevar som har ein skuleveg på minst 4 km. For 1. årstrinn gjeld retten til skyss for elevar som har minst 2 km skuleveg.*
- *Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss. Dette utan omsyn til veglengda mellom bustad og opplæringsstad.*
- *Elevar som har delt bustad kan ha rett på skyss til to adresser. Det er ikkje krav til 50/50 omsorgsdeling, men delt bustad skal vere dokumentert. Samværsordning gir ikkje rett til skyss.*

Møre og Romsdal fylkeskommune [søknadsskjema](#).

### **Opplæringslova**

#### **§4-1: Rett til gratis skuleskyss:**

*”Elevar i 2.-10.klasse som bur meir enn fire kilometer frå skulen, har rett til gratis skyss. For elevar i 1.klasse / førskulen er skyssgrensa to kilometer.”*

*”Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, har rett til skyss utan omsyn til veglengda.”*

#### **Om transporten:**

*”Departementet gir nærare forskrifter om tryggleiken til elevane under skoleskyssen.”*



## Presiseringar av nokre omgrep:

### Skuleskyss:

Er den daglege transporten mellom bustad og opplæringsstad.

### Bustad:

Er den adressa eleven står oppført med i folkeregisteret. I dei høve foreldra ikkje bur saman, gjeld som hovudregel at retten til skuleskyss følgjer den heimen der barnet oppheld seg. Denne retten gjeld også når den eine av heimane ligg i ein annan kommune.

### Skuleveg:

Skal reknast frå dør til dør etter farande veg.

### Vinterskyss:

Er skyss om morgonen i den mørke årstida, frå 1. november til 31. mars.

### Skyss i samband med skulefritidsordning (SFO):

Fylkeskommunen si skyssplikt tek utgangspunkt i transport mellom bustad og opplæringsstad. Elevar som deltek i SFO kan bydast skuleskyss dersom elevane kan nytte seg av eksisterande skyssopplegg, og dette ikkje medfører auke i kostnadane for ruteselskapet.

### Måling av avstandar:

Avstand mellom skule og heim har tidlegare vore målt etter oppkøyring med bil. Desse avstandane kan ikkje seiast å vere nøyaktige. Prinsippet har vore å legge inn ein margin slik at tvil skulle kome den transporterte til gode.

Frå hausten 2006 kom det nye [webbaserte måleverktøyet](#) som ligg på heimesida til Møre og Romsdal fylke.

Med dette verktøyet kan målingar gjerast heilt nøyaktig frå skuledør til ytterdør i heimen. Retten til skyss vert no gitt etter digital oppmåling på godkjent vegstrekning.

### Vurdering av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg:

Vurdering er gjort på grunnlag av alderen til borna: 1. årstrinn, 2.- 4. årstrinn, 5.- 7. årstrinn og ungdomstrinna. Elles følgjer ein rettleiaren til Trygg Trafikk og Udir sitt rundskriv om retten til skyss [Udir-2-2019](#).



HERØY kommune

Sektor kultur og oppvekst

## SKULESKYSSREGLEMENT FOR HERØY KOMMUNE

### Avstandar i høve Opplæringslova §4-1:

2 km for 1. årstrinn

4 km for 2.-10. trinn

1. Avstandar vert målt på digitale kartverk på godkjende ferdselsårer.
2. Kommunen dekkjer skyssutgifter om det er tungtvegande grunnar til at ein elev må gå på ein annan skule enn nærskulen.
3. Etter søknad kan kommunen dekkje skyssutgifter for elevar i dei tilfelle der foreldre har dokumentert delt foreldreansvar/omsorgsrett, og når eleven bur periodevis (om lag 50/50) hos begge. Kommunen der barnet er folkeregistrert og går på skule, dekkjer utgiftene.
4. Ved endra trafikkforhold som gjer avstanden til skulen kortare, og eleven derfor misser rett til skyss, gjeld endringa frå påkomande skuleår.
5. Ved førebelse endringar i trafikkbiletet, kan det gjevast skyss frå kommunen i ein avgrensa tidsperiode.
6. Ved vesentlege varige endringar i trafikkbiletet, skal endringar i skyssreglementet vurderast.

Skysreglement saksnr 2008/617

Revidert 08.01.2010

Revidert 25.04.2012

Korr. juli 2017. Drøfta i komitè for Oppvekst, 18.10.2017. Ingen endringar.

Korr. jfr. endringar i Skarabakken gjeldande frå august 2019.

Korr. Jfr ny opplæringslov gjeldande frå august 2024.



## Strekningar som gir automatisk rett til skyss etter vurdering av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg:

### 7.1.Ytre Herøy ungdomsskule

- frå Nerlandsøybrua

### 7.2.Stokksund skule

- frå Notøy
- frå Sandvik 1. - 7.årstrinn
- frå Sandvik 8.-10. årstrinn vinterskyss etter søknad til nytt Stokksundkryss er ferdig.

### 7.3.Bergsøy skule

Ved behov og etter søknad til oppvekstavdelinga:

- frå utom Kleiva: 2. - 4. årstrinn
- frå Myklebust, Eggesbønes og Berge, på sørsida av riksveg 654, 1. årstrinn

### 7.4.Einedalen skule

- frå Ytre Leine
- frå Røyra 1. - 4. årstrinn
- frå Torvik 1. årstrinn
- frå Torvik vinterskyss 2. - 4. årstrinn

### 7.6.Møre barne- og ungdomsskule

- frå Djupvik, Kjeldsund og Kobbeneset 1.-4. årstrinn
- Frå Kjeldsund/ Kobbeneset vinterskyss 5. – 10. årstrinn

### 7.5. Leikanger skule

- frå Leikongbakkane langs riksveg 61, 1. - 4. årstrinn (botnen av Leikongbakkane startar ved Leikanger kyrkje).
- frå Jøsokbakke 2. - 4. årstrinn (grensa til Jøsokbakke vert rekna frå der vegen kryssar Jøsokelva ved gard nr. 86, bruk nr. 5-6).
- frå Jøsok, vinterskyss 2. - 4. årstrinn (2 km-grensa mot Jøsok går mellom gard nr. 86, bruk nr. 16 og gard nr. 86 og bruk nr. 22 Skulevegen mot Voldnes går over Kleppåsen.